


ÅRSPLAN
HORNINDAL BARNEHAGE
2025-2026



Vision:
«Vi vil gje våre barn både røter og vengjer»

INNHALD

Framsida: Teikningar av Bjørnehiet, Trostereiret og Sjøormen: Ailèn Mari Olsen

Innhald	2
Kven er vi?	3
Årshjul	6
Informasjon og planer.....	8
Satsingsområder.....	8
Trostereiret.....	12
Sjøormen	13
Bjørnehiet	14
Leik, omsorg, læring og danning.....	15
Fagområder.....	16
Forut.....	20
Foreldresamarbeid	21
Personalsamarbeid.....	23

Denne årsplanen er utarbeidd på bakgrunn av «Lov om barnehagar» og «Rammeplanen for barnehage».

Årsplanen er ein felles overordna plan, og fungerer som eit arbeidsverktøy for dei tilsette, og er med på å sikre kvaliteten i arbeidet med barna.

Årsplanen vår er levande, det vil seie at vi kvart år evaluerer/redigerer planen slik at den til ei kvar tid er oppdatert.

KVEN ER VI?

Vi har tre avdelingar i Hornindal barnehage; Trostereiret, Bjørnehiet, Sjøormen.

Trostereiret

Det går 10 barn fødd i 2024 og 2 barn født i 2023 på Trostereiret som ligg i den høgre delen av bygget i Hornindal. Alle som går på Trostereiret har sin eigen merka plass i ytter og innergarderobene på Trostereiret. Vivian, Anita, Madeleine og Anne-Lise samt Kari Janne (torsdagar) jobber her.

Sjøormen

På Sjøormen som er lokalisert i midten på bygget i Hornindal barnehage går 10 barn fødd i 2022 og 3 barn født i 2023.

Dei som jobber på Sjøormen er Christine, Birte, Ingvild, Brit, Anne og Kari Janne.

Denne avdelinga samarbeider med Bjørnehiet om morgonen og på ettermiddagen.

Bjørnehiet

Bjørnehiet har 9 barn født i 2020 og 9 barn født i 2021 og held til i den venstre delen av bygget i Hornindal barnehage.

Alle har ytter-og innergarderobe ved inngangen på Bjørnehiet. Dei som jobber her er; Reidunn, Margun, Lindis, Linda Kristin og Ingvild Kristin.

Denne avdelinga samarbeider med Sjøormen om morgonen og på ettermiddagen.

VISJONEN VÅR

“VI VIL GJE VÅRE BARN BÅDE RØTER OG VENGJER»

RØTENE symboliserer det trygge og kjente i barnet sitt nære miljø og ei positiv sjølvkjensle som grunnlag for ein trygg identitet.

VENGJENE symboliserer det ukjente, det skapande og kreative, utfordringane og livslang læring.

Vi legg vekt på å forvalte kultur –og naturressursane på ein god måte:

- Vi vil oppleve, bruke og ta vare på naturen!
- Vi ser at kultur er natur, tradisjon, estetikk og kommunikasjon.
- Kultur er både lokal, nasjonal og internasjonal.
- Kultur er både notid, fortid og framtid.
- Kultur er vårt behov for å skape, formidle og bevare kulturelle uttrykk.



Hornindal barnehage
Postboks 24
6761 Hornindal

E-post styrar; anita.kristin.olsen@volda.kommune.no

Mob. Kontoret Hornindal bhg.: 97 96 24 24

Mob. Styrar privat: 90 53 51 95

Mobilnr. til avdelingane:

Bjørnehiet- Hornindal: 91 57 69 83

Bjørneungane: 90 0723 51

Trostereiret- Hornindal: 91 37 10 41

Sjøormen- Hornindal : 90 21 17 81

Dei tilsette i Hornindal barnehage året 2025/2026

NAMN	STILLING	STORLEIK	AVDELING
Anita Kristin Olsen	Styrar	100 %	Hornindal barnehage
Margun K. Haugen	Pedagogisk leiar	80 %	Bjørnehiet -fri tirsdagar
Reidunn Otterdal	Pedagogisk leiar	80 %	Bjørnehiet -fri onsdagar
Anne Notøy	Barnehagelærer/ sped.ped	50%	Sjøormen
Birte Egset Bjørkedal	Barnehagelærer	100%	Sjøormen
Christine Helgesen	Pedagogisk leiar	100%	Sjøormen
Vivian Folkedal	Pedagogisk leiar	100%	Trostereiret
Madeleine Haugen Seifert	Barnehagelærer	100%	Trostereiret
Lindis T.Torheim	Assistent	100%	Bjørnehiet
Ingvild K. Sætren	Assistent	80%	Sjøormen -fri torsdag
Anita Saltkjel	Assistent	100 %	Trostereiret
Kari Janne Kalvatn	Assistent	50 %	Sjøormen og Trostereiret
Brit L. Tomasgard	Assistent	50 %	Sjøormen

Linda Kristin Tomasgård	Assistent	40 %	Bjørnehiet -tysdag og onsdag
Anne-Lise Bakke	Barne-og ungdomarbeidar	100%	Trostereiret
Ingvild Kristin Hegrenes	Assistent	80%	Bjørnehiet

Vikarar vi bruker i Hornindal; Anne Bråten Seljeset, Kari Vartdal, Camilla Raudi Tofte og Grethe Steinsåker.

I tillegg har vi av og til inne personar som er i arbeidsutprøving, språkpraksis eller studentar.

Dei tilsette har 7,5 times arbeidsdag, difor vil det på start og slutt av dag vere færre tilsette tilstades i barnehagen. I arbeidstida der alle tilsette er på plass skal det gjennomførast plantid og ulike møte. Volda kommune har vedtatt å dekke opp plantida til pedagogane på småbarn, plantida for pedagogane på storbarnsavdeling er ikkje dekt opp. Kvar pedagog har rett på minimum 4 timar plantid kvar veke, i 100% stilling.

For å kunne sikre god pedagogisk kvalitet skal personalet i barnehagen gjennomføre m.a. avdelingsmøter. Desse er på dagtid og i denne tida samarbeider avdelingane. Kvar avdeling bør ha 3 timar avdelingsmøte i månaden. Pedagogiske leiarar, styrar og assisterande styrar skal også gjennomføre 3 timar med leiarmøte i månaden. Det er utfordrande for barnehagen å klare og gjennomføre plantid og møter med dei ressursane vi har. Barnehagen tar difor vurderingar om vi klarar å gjennomføre alle møter som planlagt. Plantida til pedagogane er avtalefesta og skal gjennomførast.

Møter: når det er ped.leiarmøter og avdelingsmøter må vi hjelpe kvarandre på tvers av avdelingane. Desse møta blir avvikla på måndagar i tidsrommet kl. 9.30-10.30 og kl 12.30-14.00

ÅRSHJUL

Gjennom året har vi mange faste møter, aktivitetar og festar:

Månad	Kva skjer:
August 	Planleggingsdag 4. og 15. august -barnehagen er stengt Denne månaden brukar vi tida på å bli kjent med nye barn og for dei som har skifta avdeling til å bli kjent der. Elles haustar vi av det naturen har å by på og starter førebu oss med gevinstar til Forutbasaren i oktober.

September  	Tema: «Meg og mitt nærmiljø» Sikkerhetsmånad: Politi veke 36, Ambulanse veke 37 og Brannvernveke 38 og 39 Forut: innhausting Foreldremøte i Hornindal 2. september frå kl. 18.00 Evalueringsmøter for nye barn Møte i samarbeidsutvalet 
Oktober 	Tema: «Meg og verda utanfor» Vi gjer oss kjent med Forut og «Sanjana og havet» frå Sri Lanka Foreldresamtaler Planleggingsdag: onsdag 22. oktober -barnehagen er stengt Forutbasar for Hornindal bhg. 23. oktober kl. 16.00-17.30
November 	Foreldresamtalar Tema: «Haust går mot vinter» Forming og kreativitet fram mot jul
Desember 	Tema: «Advent og jul» 4. desember: Julebord for barna 11. desember: Nissefest 12. desember: Juleevangeliet i skogen 16. desember: Nissesamling <i>Barnehagen har stengt 24., 25., 26. og 31. desember.</i> <i>Ellers open etter påmelding for dei andre dagane i jula.</i>

Januar 	GODT NYTTÅR! Fredag 02.01.24: Oppstart etter nyttår Torsdag 22. januar: Solfest i Hornindal barnehage Tema: Vi jobber med bøker og sanger fram mot karnevalet - drama og kreativitet i fokus 
Februar  	Tema: Vi jobber med bøker og sanger fram mot karnevalet Samisk veke i veke 6 : 6. februar er samefolkets dag Vinterferie på skulen veke 8 - fint om de legg inn i Vigilo om ditt barn skal ha fri Morsmålsdagen 21. februar- vi markerer den på torsdag 19. februar Torsdag 26. februar: KARNEVAL
Mars  <i>Påskefrukost i barnehagen</i>	Tema: «Vinter går mot vår» 1.mars er søknadsfrist for hovedopptaket for barnehageplass for hausten 2026! Barnehagedagen 10. mars! Onsdag 18. mars: Planleggingsdag- barnhagen er stengt Førebuingar til påske! Onsdag 25. mars: Påskefrukost for foreldre og søsken kl. 8.00-9.30 i Hornindal barnehage 
April 	Tema: «Vår» Foreldresamtaler for barn født -24,-23,-22,-21 Påskeferie; 2. april - 6. april -barnehagen stenger kl. 12.00 onsdag 1. april før skjærtorsdag Barnehagen har opent etter påmelding i påskeveka Sommarferiereregistrering for barna må vere klar før 1. mai - registrering blir sendt ut i Vigilo!

Mai 	Tema: «Vår» Planleggingsdag fredag 15. mai-barnehagen er stengt Øving til 17. mai Foreldresamtaler for 2020-barna Overnatting for førskulegruppa Besøksdagar for nye barn
Juni/Juli 	Tema: «Sommar» Øve til sommarfesten. Vårskuledag Torsdag 4. juni: Sommarfest i barnehagen i Hornindal Besøksdagar for nye barn Barnehagen har feriestengt i vekene 28, 29 og 30!

FERIE

Vedtektene våre seier at alle barn skal ha fire veker ferie, der tre veker er samanhengande om sommaren. Barn som skal starte på skule, skal avvikle ferien før nytt barnehageår startar 1. august. Barna sin sommarferie må vere fastsett innan 1. mai inneverande år. Den fjerde ferieveka kan delast opp, men de må varsle om uttak av ferie to veker før eventuelt ved på påmeldingskjema til jul og påske. Barnehagen held feriestengt i vekene 28, 29 og 30. Barnehagen sender ut registrering i Vigilo ved jul, påske og sommarferie.

INFORMASJON OG PLANER

De er sjølve ansvarleg for å halde dykk oppdatert på planar og oppslag.

- * **Årsplanen** for barnehagen får de utlevert på hausten. Gjer dykk nøye kjent med denne.
- * De får utdelt **månadsplanar** som inneheld informasjon om kva tema ein skal ta føre seg dei nærmaste vekene og elles nødvendig informasjon. Denne blir sendt ut i Vigilo. Gi beskjed om du vil ha den i papir.
- * Anna informasjon heng på **foreldretavla** og på eller ved utgangsdøra.
- * Elles informerar vi via Vigilo, e-post, meldingar og skriv i «postkassa» til barna.
- * Sjå også på heimesida til Volda kommune
- * Vi har også ei **facebook-side** som de kan gå inn og “like”, så får de sjå litt meir om kva vi gjer på om dagane. Her legg vi ikkje ut bilder der ansikta til barna viser då dette er ei offentleg side. Vi har også ei **lukka gruppa på Facebook som heiter «Hornindal barnehage for foreldre og personal»** Her må de leggast til eller be om å få bli lagt til.

Hornindal barnehage sine vedtekter og årsplan ligg på www.voldakommune.no
Meldingar til den enkelte vert mest sendt ut i Vigilo, men også i “postkassa” eller hylla til barna.

Elles ønskjer vi å snakke med alle foreldre anten morgon eller ettermiddag, men vi veit vi ikkje alltid klarer det. Så dersom de ønsker å snakke med oss, må de gjerne "huke" oss eller ringe, eller be oss om å ringe.

Pedagogisk dokumentasjon heng i garderobane eller inne i barnehagerommet.

På dei store tavlene inne på avdelingane heng det bilder og tekst som viser barna dykkar sin kvardag og prosjekt dei held på med. Det er kjekt om de av og til tek dykk tid å komme inn i barnehagen og sjå på desse.

Betaling for barnehageplassen vert sendt ut 11 g. i året, rundt den 12. i kvar mnd.

SATSINGSOMRÅDE FOR BARNEHAGEÅRET 2025-2026

Vi skal fortsette med prosjektet som vi starta på i 2020 som vi kallar ReKomp. Det betyr regional kompetanseheving og er eit samarbeid mellom alle barnehagane i dei sju kommunene på søre sunnmøre, Volda kommune og Høgskulen i Volda. Satsingsområdet er språk, lek og læringsmiljø. Vi lærer meir om dette ved å jobbe i nettverk med andre barnehagar som har liknande problemstilling som oss. I år er det Øyra barnehage, Hornindal barnehage, Hjellbakkane barnehage og Lauvstad barnehage. Vi samarbeider med Høgskulen og dei skal ta med tilbake til studentane det dei lærer av dette samarbeidet.

Barnehagane i Volda kommune skal hovudsakleg i ReKomp arbeide med **Alternativ supplerande kommunikasjon – ASK**. I Rammeplan for barnehagen står det at «Barnehagen skal fremje kommunikasjon og språk», og «vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling». Alternativ og supplerande kommunikasjon er å kommunisere ansikt til ansikt på andre måtar enn med tale. ASK kan vere

- ei erstatning for tale
- støtte til å utvikle tale
- eit supplement til låg eller utydeleg tale

ASK er barnet og eleven sitt språk, og deira måte å uttrykkje seg på. Vi skal bruke ASK i form av å bruke bildekort som støtte.

Foto og illustrasjonar frå statped.no på korleis ASK kan sjå ut i barnehagen. Døme på deler av dagsplan og tilgjengelege tematavler til daglege aktivitetar.



samling		
lek		
spise		
kle på		
lekeplass		

Nedanfor kan de sjå kva Rammeplanen seier om Kommunikasjon, språk og tekst. I alt arbeid har vi fokus på barna sin trivsel. Vi vil fremje vennskap, samarbeid og oppleve glede saman. Vi vil også bidra til at det enkelte barn opplever god utvikling og læring i kvardagen. Dette skjer ofte i kvardagssituasjonar som under måltid, i påkledning og ikkje minst i leik. For å skape fellesskapskjensle har vi samlingar gjennom veka der vi les bøker, presenterer tema og passar på at alle barna får litt fokus i samla gruppe. Vi øver på å vere høflige mot kvarandre, helse fint, spørje når vi vil noko og takke kvarandre når det trengs.

Tema: Kommunikasjon, språk og tekst	
Rammeplanen (01.08.2017 RAMMEPLAN FOR BARNEHAGEN)	<u>Gjennom arbeid med fagområdet skal barnehagen bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståinga, språkkompetansen og eit mangfald av kommunikasjonsformer.</u> <u>I barnehagen skal barna møte ulike språk, språkformer og dialektar gjennom rim, regler, songar, litteratur og tekstar frå notid og fortid. Barnehagen skal bidra til at barn leiker med språk, symbol og tekst, og stimulere til språkleg nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling.</u> <u>I barnehagen skal barna få erfare ulike måtar å formidle tekstar og forteljingar på, som kjelde til estetiske opplevingar, kunnskap, refleksjon og møte med språk og kultur. Personalet skal invitere til utforsking av både munnlege språk og skriftspråk.</u> <u>Gjennom arbeid med kommunikasjon, språk og tekst skal barnehagen bidra til at barna</u> <u>• uttrykkjer kjensler, tankar, meiningar og erfaringar på ulike måtar</u> <u>• bruker språk til å skape relasjonar og delta i leik, og som reiskap til å løyse konflikter</u> <u>• vidareutviklar omgrepsforståinga og bruker eit variert ordforråd</u> <u>• leiker, improviserer og eksperimenterer med rim, rytme, lydar og ord</u> <u>• møter eit mangfald av eventyr, forteljingar, segner og uttrykksformer</u> <u>• opplever spenning og glede ved høgtlesing, forteljing, song og samtale</u> <u>• utforskar og gjer seg erfaringar med ulike skriftspråklege uttrykk, til dømes leikeskrift, teikning og bokstavar, gjennom lese- og skriveaktivitetar</u> <u>Personalet skal</u> <u>• skape eit variert språkmiljø der barna får oppleve glede ved å bruke språk og kommunisere med andre</u> <u>• synleggjere språkleg og kulturelt mangfald, støtte barna sine ulike kulturelle uttrykk og identitetar og fremje mangfald i kommunikasjon, språk og andre uttrykksformer</u> <u>• invitere til ulike typar samtalar der barna får fortelje, undre seg, reflektere og stille spørsmål</u> <u>• oppmuntre barna til å fabulere og leike med språk, lyd, rim og rytme</u> <u>• støtte barna i leiken med og utforskinga av skriftspråket</u> <u>• bruke varierte formidlingsformer og tilby eit mangfald av bøker, songar, bilete og uttrykksformer</u> <u>• inkludere alle barna i språkstimulerande aktivitetar</u>

Inkluderende praksis

Barnehagen skal i år delta på noko som heiter Inkluderende praksis. Dette er i samarbeid med PPT og vi kjem til å bruke ein del personalmøter til dette arbeidet.

Statped har utvikla eit refleksjonsverktøy for inkluderende praksis for barnehage. Dette kartlegger barnehagen sin ståstad med hensyn til inkludering. Den gir hjelp til å få et blikk på heilskapen, få gode refleksjonar og auka inkluderende praksis i barnehagen. Resultata fra undersøkelsen er ikkje ein fasit, men eit bilde av korleis personalet opplever den inkluderende praksisen. Nytteverdien ligg i at personalet reflekterer over resultata og at det blir utarbeida forbedrande tiltak som blir jobba med i etterkant. Formålet med refleksjonsverktøyet Inkluderende praksis er å bidra til at barn kan få opplæring i eit inkluderende læringsmiljø, og oppleve seg som deltakarar i fellesskapet.


Tryggleikssirkelen/ COS –circle of security/

Personalet har fått kurs i COS. Foreldre får også tilbod om dette kurset i regi av Volda kommune. Kurset er gratis og er nettbasert over 7 gongar à 1,5 timar også på kveldstid. Kurset vert halde av Ruxandra Raudøy.

E-post: ruxandra.raudoy@volda.kommune.no

Tryggleikssirkelen er ein tilknytingsmodell som lærer oss å sjå barna innanfrå og forstå barna sine signaler betre. Det handlar om barna si sosiale og emosjonelle utvikling, stressregulering, psykologisk immunforsvar og psykisk og fysisk helse.

Tryggleikssirkelen er en visuell sirkel, der den voksne er den trygge og sikre havna. Når barnet er utforskande, beveger det seg ut fra den trygge havna, barnet er da oppe i sirkelen. Barnet er fremdeles avhengig av voksne i form av støtte, hjelp ved behov og glede med barnet. Når barnet er nede i sirkelen har barnet behov for beskyttelse, trøst, godhet og organisering av følelsene sine (Powell, Cooper, Hoffman, Marvin, 2015).



Personalet i Hornindal barnehage har også teke kurset «**Sjå barnehagebarnet innanfrå**». Dette er eit tilknytingsbasert program for tilsette i barnehagar. SBI baserer seg på Tryggleiksirkelen og sett i fokus korleis ein skal byggje trygge relasjonar med barn. Det er også fokus på tilknytingspsykologi i foreldresamarbeidet og i arbeidsmiljøet.



Ida Brandtzæg Stig Torsteinson Guro Øiestad

Se barnet innenfra
Hvordan jobbe med tilknytning i barnehagen

KOMMUNESKOLEN

TROSTEREIRET

På Trostereiret går dei yngste barna i Hornindal barnehage. Her er i år 12 barn, 2 født -23 og 10 født - 24. Trostereiret har inngang opp bakken og til høgde i bygget.

Personalet de møter på Trostereiret er:

Vivian Nesse Folkedal – pedagogisk leiar 100%
Madeleine Haugen Seifert – barnehagelærer 100%
Anita Saltkjel – assistent 100%
Anne-Lise Bakke -Barne-og ungdomsarbeidar 100%
Kari Janne Kalvatn – 20% assistent på torsdagar

Dagsrytme

Dette er den generelle dagsrytme, men vert tilpassa for dei som har behov for stell, mat og søvn utanfor desse tidene.

Kl. 07.20 Barnehagen opnar. Vi tar i mot barna og utvekslar informasjon/beskjedar saman med foreldre og barn.



Kl. 07.20-08.30. Barna et frukost på avdelinga etter kvart som dei kjem. Ta med påsmurt mat i matboks. Vi ynskjer at barna som skal ete frukost i barnehagen vert levert seinast kl. 08.15.

Vi legg vekt på å skape ei god atmosfære ved matbordet, gjerne med roleg bakgrunnsmusikk og gode samtaler. Frileik på avdeling fram mot kjernetid og overgang til pedagogisk aktivitet.

Kl. 08.45 Vi ryddar avd. Overgang til ny aktivitet. Påkledning for uteleik/tur. Tur i nærmiljøet. Honndalshallen anna kvar tysdag etter nyttår.

Kl. 09.00 Pedagogisk aktivitet/kjernetid startar og varer til kl. 14.30

Vi har samlingar nokre gongar i veka med heile gruppa eller delar av gruppa. Tida for samling kan variere utifrå kva tema vi held på med og korleis det passar med ute/innetid, mat og søvn. På ei småbarnsavdeling er det naturleg at dette vert endra gjennom året. I samlinga pratar vi litt om kven som er i barnehagen denne dagen, barn/vaksne med namn og bilete, kalender med dato/dag/månad /årstid, veret og kva kle vi treng å ha på i uteleiken. Vi har også fokus på månadens tema iht. årsplanen gjennom song, rim og reglar, musikk, tekst og bruk av konkretar, flanellografar, dramatisering, forteljingar og eventyr. I månadens tema flettar vi inn «gardsliv» og gjer oss kjende med dyra og livet på garden. Vi stimulerer til bruk av språk og fremjar god språkutvikling.

Kl. 10.15 Vi går inn å kler av oss og vaskar hender etter uteleik/tur. I slike situasjonar skjer det mykje sosial og praktisk læring, gode samtalar og fint samspel. Vi vaksne prøvar å leggje vekt på å gje barnet tid, individuell og positiv støtte, rettleiar og hjelper der det trengst.

Kl. 10.30 Lunsj. Vi varierer mellom brødkiver, havregrynsgraut og middag.
Mandagar : havregrynsgraut, onsdagar : varm lunch, andre dagar: brødmåltid.

Kl. 11.00 – 12.00 Bleieskift og legging.

Kl. 14.00 Måltid. Litt påfyll i magen. Frukt, yoghurt og havregryn, brødkiver, grønnsaker m.m.

Kl. 14.30 Bleieskift
Leik inne på avdeling/evt uteleik fram mot henting.

Kl. 16.20 Barnehagen stenger. Vi utvekslar informasjon om dagen med foreldre.

SJØORMEN

På Sjøormen er det 10 barn som er født i 2022 og 3 barn født i 2023. Vi har inngang på framsida av bygget. Vi samarbeider med Bjørnehiet morgon og ettermiddag, og Trostereiret inn i mellom i møtetider og i gruppedelingar.

Personalet de møter på Sjøormen er:

Christine Helgesen-pedagogisk leiar 100%
Birte Egset Bjørkedal – 100% barnehagelærer
Anne Notøy – 50% barnehagelærer/sped.ped.
Ingvild Sætren – assistent 80% -fri tordagar
Brit Tomasgård – 50% assistent - onsdag, torsdag og fredag i partalsveker
Kari Janne Kalvatn- 30% tirsdag og fredag i oddetalveker



Dagsrytme

Kl. 7.20: Barnehagen opnar. Vi tar i mot barna og utvekslar informasjon/beskjedar med foreldre og barn.

7.20-08.30: Frukosten startar på kjøkkenet. Barna har med eigen matboks og vi serverar drikke (mjølk og vatn). Vi ønskjer at barna blir levert innan kl. 08.15 dersom dei skal ete frukost i barnehagen. Fri leik/ aktivitet på tvers av avdelingane på Bjørnehiet & Sjøormen.

Kl. 09.00 Vi delar oss avdelingsvis. Vi på Sjøormen deler ofte gruppa og har samling/aktivitet inne eller går ut. Vi trenar på å kle på sjølve, potte og do trening.

Kl. 11.30: Lunsj . Vi varierer mellom brødkiver, havregrynsgraut og middag.
Mandagar : havregrynsgraut, onsdagar : varm lunch, andre dagar: brødmåltid.

Kl. 12.00: Stell og toalett-rutine.

Kl 12.00-14.00 Sove- og kviletid. Rolege aktivitetar for dei som ikkje skal kvile i vogn. Barna søv og vaknar til ulike tider, for dei som har slutta er det viktig med kvile. Vi har då ei stund med roleg musikk, bordaktivitetar, lesing og leik.

Kl. 14.00: Ettermiddagsmåltid med brød/knekkebrød, frukt og/eller yoghurt. Etterfølgd av stell og toalett-rutine.

Kl 14.30-16.20: Inne eller uteleik. Hentetid

Kl. 16.20: Barnehagen stenger. Vi utvekslar informasjon om barnet og dagen med foreldre. Vi har ein regel om at barna skal rydde like mange leiker som dei er år når dei blir henta. Dette ynskjer vi at føresette hjelper barnet med.

BJØRNEHIET

På **Bjørnehiet** er det 9 barn født i -2020 og 9 barn født i 2021. Dei har inngang til venstre på huset.

Personalet de møter på Bjørnehiet er:

Margun Haugen- 80 % pedagogisk leiar -fri tirsdagar
Reidunn Otterdal - 80% pedagogisk leiar-fri onsdagar
Lindis Tomasgard Torheim -100% assistent
Linda Kristin Tomasgård –40% assistent- tirsdag og onsdag
Ingvild Kristin Hegrenes -assistent 80% -fri torsdagar

Dagsrytme

Kl. 7.20: Barnehagen opnar. Vi tek i mot barna og utvekslar informasjon/beskjedar med foreldre og barn.

Kl. 7.20-08.30 Frukosten startar. Barna har med eigen matboks og vi serverar drikke (mjølk og vatn). Vi ønskjer at barna blir levert innan 08.15 dersom dei skal ete frukost i barnehagen. Frukosten er på kjøkkenet og føresette følger barna inn dit personalet er.

Fri lek/ aktivitet på tvers av avdelingane på Bjørnehiet og Sjøormen

Kl. 09.00: Vi delar oss avdelingsvis eller i grupper etterkvart som det er fleire barn og vaksne.

Kl. 11.30: Lunsj inne eller ute. Havregraut på mandagar og varm lunch på torsdag. Ellers brødmåltid.

Kl. 12.00: Toalett-rutine. Inne eller utelek

Kl. 14.00: Ettermiddagsmåltid med brød/knekkebrød, frukt og/eller yoghurt. Etterfølgd av stell og toalett-rutine.

Kl. 16.20: Barnehagen stenger. Vi utvekslar informasjon om barnet og dagen med foreldre. Vi har ein regel om at barna skal rydde like mange leiker som dei er år når dei blir henta. Dette ynskjer vi at føresette hjelper barnet med.



FØRSKULEGRUPPA



Vi har eit godt samarbeid med skulen og ein god plan for overgang barnehage-skule. Vi har ei fadderordning og ein del treffpunkt i løpet av året. Førskulegruppa har ein fast dag i veka der dei reiser på tur i nærmiljøet. Vi jobber med «Mitt val», eit pedagogisk opplegg for utvikling av sosial og emosjonell kompetanse med fokus på forebyggande arbeid. I tillegg får alle ei aktivitetsbok som heiter «Trampoline» som dei jobber med gjennom barnehageåret. Dette er meir skuleførebuande øving. Vi har korte økter og prøver å utvide uthald og konsentrasjon gradvis.

Vi samarbeider også med Austefjord og Tunåsen barnehage og førskulebarna der. Vi er på turer/opplegg saman eit par gonger i mnd. Andre felles treffpunkt er det også i samarbeidet med skulen.

På nyåret/vår får barna besøke minst to arbeidsplassar kvar der dei får prøve å jobbe sjølv. I etterkant lager vi ofte til miljø i barnehagen for arbeidsrelatert rolleleik. I mai og juni har Førskulegruppa overnatting i barnehagen og besøksdag og vårskuledag på skulen. Det skjer også elles mykje anna kjekt gjennom året som dei får vere med på.

Eigen plan for førskuleåret blir delt ut om hausten og nyåret.

LEIK, OMSORG, LÆRING OG DANNING

I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartrang. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, sosial kompetanse, kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna.

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast (Rammeplan for barnehagen s.19-23)

Vi har fleire prosjekt i barnehagen gjennom året, men vi har heile tida fokus på at borna skal få mykje tid til leiken og den sin eigenart. Dette fordi leiken er så viktig for barn sin trivsel og utvikling og fordi barn lærer gjennom leik.

Personalet skal:

- organisere rom, tid og leikemateriale for å inspirere til ulike typar leik og bidra til at barna får felles erfaringar som grunnlag for leik og legge til rette for utviklinga av leiketema.
- Vi skal også fremje eit inkluderande miljø der alle barna kan delta i leik og erfare glede i leik.

- Vi må observere, analysere, støtte, delta i og gjere leiken meir verdifull på barna sine premisser.
- Rettleie barna dersom leiken medfører uheldige samspelmønster
- Vere bevisste på og vurdere si eiga rolle og deltaking i leiken
- Ta initiativ til leik og bidra til at alle kjem inn i leiken



BARNES MEDVERKNAD

Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å legge til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen, jf. barnehagelova §§1 og 3, grunnlova§104 og FNs barnekonvensjon art. 12. nr. 1.

Personalet skal observere dei barna som også kommuniserer på andre måtar enn tale, slik at dei får gi uttrykk for kva dei syns om sine eigne vilkår. Vi skal vektlegge synspunkta til barna i samsvar med alder og modning og dei skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ta. Barna må også lære at dei ikkje får gjere alt dei ønsker til ein kvar tid, men at der finst regler og andre barn og vaksne ein må forhalde seg til i eit større fellesskap. Dette er ein del av den sosiale kompetansen barna skal lære.

FAGOMRÅDER

Vi arbeider ut ifrå rammeplanen sine sju fagområder:

KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST

Vi arbeider kontinuerleg med kommunikasjon, språk og tekst i barnehagen. Gjennom daglege samtaler, lesing, leik og alt vi gjer på gjennom dagen.



Språkarbeidet er svært viktig og vi har fokus på det kvar dag gjennom samhandling i kvardagen og at vi les bøker dagleg.

Les meir på side 10 om kva Rammeplanen seier om kommunikasjon, språk og tekst.

KROPP, RØYRSLE, MAT OG HELSE

Ein dag i veka er barn frå Hornindal barnehage i Honndalshallen. Barna er delt i to grupper slik dei får gå anna kvar tirsdag. Trostereiret starter gjerne ikkje før etter nyttår.

Ellers har vi flotte uteområder som gir barna ulike utfordringar og vi går mykje på turar i nærområdet. Inne har vi også ulike moglegheiter for motorisk læring, både grov (t.d. sklie, trampoline, tunell, klatrevegg og trapper)-og finmotorisk (t.d. formingsaktivitetar, påkledning, smørje på skiva).

Familien har det grunnleggjande ansvaret for barnet sitt kosthald, men då mange av borna sine måltid vert i barnehagen, har barnehagen stor innverknad på barna sine matvanar, kosthald og helse.

Eit næringsrikt og godt mattilbod i barnehagen er viktig av mange grunnar. I løpet av ein dag inntek borna 40-60% av det totale energiinntaket i barnehagen. Born treng rett samansatt kosthald til vekst og utvikling, og grunnlaget for kosthaldet som vaksen vert lagt i barneåra.

I barnehagen har vi ein "Kost og helseplan" som seier noko om kva vi skal tilby barna av mat og korleis vi vil at måltida skal vere.

Måltida våre er ein viktig pedagogisk, sosial og kulturell arena og måltida bør variere og gje ulike smaksopplevingar. I Volda kommune har vi utarbeida ein felles kostplan.

Kvar torsdag på Bjørnehiet og kvar onsdag på Trostereiret og Sjøormen lagar vi lunch/varmtmåltid i barnehagen. Måltida er barnevennlige, sunne og varierte slik at barna får ulike smaksopplevelser. Kvar måndag får barna havregraut til lunch.

Barn og voksne kan hjelpe til i fellesskap. Dette gir ein opplevelse av meistring og deltagelse og gir barna mer kunnskap om maten vi et. Barna medvirker også på borddekking i form av å vere ordensvakt. Tidspunkta for måltid ser de i dagsrytmen.

Vi vasker alltid hender før vi et, og når barna er ferdige å ete rydder dei sjølve kopp og fat av bordet.

Borna er med i ulike prosessar som til dømes å dyrke og hauste i eigen hage. I «Barna sin hage» har vi grønsaker, ulike urter, bær og frukt. Vi besøker fjøs og gårdar med lokal matproduksjon, vi kan fiske og plukke bær. Vi lagar også tradisjonsmat som t.d. flatbrød, sursild, prim, leverpostei, syltetøy, saft, gelè, syltaflesk og kinnar smør. Aktivitetane kan variere.




Barnehagen serverer brød, knekkebrød, havregraut, assortert utval av pålegg og diverse grønsaker/frukt/yoghurt, samt mjelk. Dei som skal ete frukost i barnehagen, tek med ferdig påsmurt i matboksen heimanfrå. Mjølkk får barna i barnehagen. Har barnet spesielle behov grunna allergi, kjøper vi inn etter behov, men det skal leggst fram legeattest på allergier/intoleranser. Ta kontakt med personalet om de vil vite meir om barnet ditt sine matvaner i barnehagen eller om barnehagen må få informasjon om barnet ditt.

Bursdagsfeiring

Vi feirer barna sin bursdag i barnehagen. Barna får velje mat ut i frå ei liste med alternativ vi har laga i barnehagen. Vi vil halde eit sunt fokus. Det kan t.d. vere frukt, smoothie, grove vafler/sveler, fruktsalat/-spyd og grov polarpizza.

Vi lager teikningar som bursdagsbarnet får med seg heim, fint pynta og bunde inn..

Vi syng, «skytt opp rakettar» og bursdagsbarnet får bursdagskrone og kappe på.



Hygiene

Vi jobbar inn gode rutiner for handvask ved toalettbesøk, før måltid og matlaging.

Alle både barn og foreldre skal vaske hender når dei kjem om morgonen og ved henting. Viktig! Ved sjukdom som diarè og oppkast gjeld 48-timarsrgelen. Dvs. at barna må vere heime 48 timar etter siste utbrot.

Reinhald

I barnehagen har vi eigen reinhaldsplan, og vi har innarbeidd rutinar på reinhald av kjøkken. Barnehagen blir reingjort kvar dag.

KUNST, KULTUR OG KREATIVITET

I barnehagen skal barna få estetiske erfaringer med kunst og kultur i ulike former og organisert på måter som gir barna anledning til utforsking, fordypning og progresjon. Barna skal støttes i å være aktive og skape egne kunstneriske og kulturelle uttrykk. Barnehagen skal legge til rette for samhørighet og kreativitet ved å bidra til at barna får være sammen om å oppleve og skape kunstneriske og kulturelle uttrykk.

Fagområdet omhandler uttrykksformer som billedkunst og kunsthåndverk, musikk, dans, drama, språk, litteratur, film, arkitektur og design (Rammeplanen s. 49-50)

Her lærer vi t.d. om ulike teknikkar i forming, vere kreative, bli kjent med kulturen vi har innanfor ulike områder, musikk, dans, drama, litteratur, film, arkitektur og design. T.d. fram mot karnevalet kvar februar, lærer vi om drama ved at vi er i grupper og vel eit tema som vi skal dramatisere ut i frå og vise fram på karnevalsdagen til dei andre i barnehagen. Vi lærer om forming/kunst ved at vi lagar kostymer/masker sjølve. Det blir laga mykje kunst gjennom heile året der barna får bruke sin kreativitet og skaparevne.

NATUR, MILJØ OG TEKNOLOGI

Opplevelser og erfaringer i naturen kan fremme forståelse for naturens egenart og barnas vilje til å verne om naturressursene, bevare biologisk mangfold og bidra til bærekraftig utvikling. Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringer med naturen som fremmer evnen til å orientere seg og oppholde seg i naturen til ulike årstider. Barnehagen skal legge til rette for at barna kan få et mangfold av naturopplevelser og få oppleve naturen som arena for lek og læring. Barnehagen skal legge til rette for at barna kan forbli nysgjerrige på naturvitenskapelige fenomener, oppleve tilhørighet til naturen og gjøre erfaringer med bruk av teknologi og redskaper (Rammeplanen s. 52)

Gjennom å lage gevinstar til Forut-basaren, arbeide i hagen vår, hausting, såing og dyrking lærer vi om fagområdet.

Vi lærer om **berekraftig utvikling** der vi fremjar verdiar, haldningar og praksis for meir berekraftige samfunn. I barnehagen kjeldesorterar vi avfall, plukker søppel i naturen, minsker bruken av plast, har gjenbruk til formingsmaterieill og dyrkar mat i eigen hage. Vi gjer også nytte av det naturen gir oss i barnehagen og i områda rundt i form av frukt og bær og liknande.



MENGD, ROM OG FORM

Fagområdet handler om å oppdage, utforske og skape strukturer og hjelper barna til å forstå sammenhenger i naturen, samfunnet og universet. Barnehagen skal synliggjøre sammenhenger og legge til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagligliv, i teknologi, natur, kunst og kultur og ved selv å være kreative og skapende. Arbeid med fagområdet skal stimulere barnas undring, nysgjerrighet og motivasjon for problemløsning (Rammeplanen s. 53)

Her lærer vi om tal og teljing, sortering, kategorisering, størrelsar, former, mengder, mønster og orientering. Barna skal leike og eksperimentere med tal, mengd og teljing og samanlikne storleikar i omgjevnadane. Vi skal stimulere og støtte barna si evne til problemløsning, bruke bøker, spel, musikk, digitale verktøy, naturmateriale og leikar og utstyr. Stort sett gjennom alt vi gjer i kvardagen, kan vi tenke matematikk.



ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI

Fagområdet retter særlig merksemda mot barnehagen sitt samfunnsmandat og verdigrunnlag i et samfunn prega av livssynsmangfald.

Barnehagen skal la barna få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdier og høgtider i ulike religionar og livssyn, og erfaringar med at kulturelle uttrykk har egenverdi. Barnehagen skal skape interesse for mangfaldet i samfunnet og forståing for livsverda og levesettet til andre menneske. Gjennom å samtale om og undre seg over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål skal barn få høve til sjølv å formulere spørsmål, lytte til andre, reflektere og finne svar. Slik skal barnehagen bidra til å legge grunnlag for kritisk tenkning og dømmekraft (Rammeplanen s 54)

Bhg. skal formidle forteljingar og skape rom for barna sine opplevingar, samtalar, røynsler og tankar om religion, livssyn, etikk og eksistensielle tema.

Vi skal gi barna kjennskap til og markere merkedagar, høgtider og tradisjonar i den kristne kulturarven og andre religionar og livssyn som er representert i barnehagen. Vi skal identifisere verdikonflikter i kvardagen, reflektere over verdiprioriteringar og haldningar og ha et bevisst forhold til korleis desse kjem til uttrykk i arbeidet med barna. For å skape interesse og forståing for mangfaldet i samfunnet, jobbar vi bl.a med det pedagogiske opplegget til Forut. Der lærer barna om levesett til andre menneske.

NÆRMILJØ OG SAMFUNN

Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringer skal barnehagen bidra til å gjøre barna kjent med eget nærmiljø, samfunnet og verda. Barnehagen skal bidra til kunnskap om og erfaring med lokale tradisjonar, samfunnsinstitusjonar og yrke, slik at barna kan oppleve tilhøyrse til miljøet. Kulturelt mangfald, ulike levemåtar og ulike familieformer er ein del av fagområdet. Gjennom lek og varierte aktivitetar skal barna få erfaring med å lytte, forhandle og diskutere og få gryande kjennskap til menneskerettane (Rammeplanen s. 55 og 56)

Barna sin medverknad i kvardagslivet i barnehagen legg grunnlaget for vidare innsikt i og erfaring med å delta i eit demokratisk samfunn. Barnehagen skal oppmuntre barna til å medverke i eigen kvardag slik at dei utviklar tillit til samfunnsdeltaking. Barna skal få utforske ulike landskap, bli kjende med ulike institusjonar og bli kjende med lokalhistorie og lokale tradisjonar. Dei skal også bli kjend med samane sin kultur. Vi markerar samane sin nasjonaldag og har ei heil veke i februar der vi lærar om samisk kultur. Vi er på besøk med ulike institusjonar i kommunen og vi nyttar nærområdet til å gå på mykje turar og bli godt kjent.



FORUT



Kvar haust brukar vi mykje tid på å førebu oss og lage gevinstar til Forutbasaren som vi brukar å arrangere. Forut er ein organisasjon som hjelper barn i andre land. Kvart år lager Forut -organisasjonen eit pedagogisk opplegg som formidlar ein realistisk historie om korleis det er å vekse opp i eit anna land, kultur og under andre føresetnader enn barn i Norge. I år får vi lære om «Sanjana og havet» og får vere med henne på

spennande eventyr, ser filmar og høyrer på musikken som er laga til dette føremål. Vi får lære om korleis plastsøppel øydelegg for livet i havet og kan delta i søppelplukking i nærmiljøet vårt. Spelemannsnominerte Silje og Maria har laga ny, fengande musikk inspirert av møtet med Sanjana og Sri Lanka. De kan lese meir om Forut på www.forut.no



FORELDRESAMARBEID

Som forelder hos oss skal du:

- Oppleve barnehagen som ein trygg stad å vere, med eit pedagogisk tilbod av god kvalitet som foregår i eit nært samarbeid med deg.
- Oppleve eit miljø der personale og foreldre har eit realistisk forventningsnivå til kvarandre.
- Oppleve ein kvardag som er prega av trivsel, glede, humor og trygghet.
- Oppleve eit personale som møter deg med åpenheit, respekt og romslighet
- Oppleve eit miljø der føresette møtast, og at barnehagen er ein stad for nettverksbygging.

Dette oppnår vi gjennom:

- Dagleg informasjon: vi tar oss tid til den vesle praten ved levering og henting. Om dette skulle bli vanskeleg å få til, kan vi ved behov ringe etterpå for ein prat om det er noko spesielt ein vil formidle.
- Foreldremøter
- Foreldresamtaler. Vi har to samtaler i løpet av året. Ved ynskje og behov avtalar vi samtaler utover dette. Sjå årshjulet for ca.- tidspunkt for ditt barn.
- Dagsreferat: Vi skriv referat frå dagen på dørtavle eller veggtavle. I tillegg dokumenterer vi med bilder på tavla med jamne mellomrom.
- I løpet av året har vi ulike tilstelningar og festar. Eksempel på dette er: Forutbasar, lysfest, påskefrukost og sommarfest.
- Om nokon har foreldre/besteforeldre som gjerne vil vise oss noko, fortelje oss noko, må de gjerne komme på besøk i barnehagen.
- Vi kan også reise ut på besøk i heimane.

Vi forventer av deg som forelder i Hornindal barnehage at du:

- Gir tilbakemeldingar til barnehagen om opplevelser som kan påverke barnet ditt sin kvardag
- Gir beskjed ved fravær (sjukdom, ferier, fridagar o.l) og legg inn fri/fråvær i Vigilo
- Tek ansvar for at ditt barn alltid har det som trengs av klær/utstyr i barnehagen.
- Sjekk/hald orden på barnet sin garderobeplass jamnleg. Husk å ta med alle uteklær heim siste fredagen i mnd. for ein sjekk/vask og ellers ved behov.
- Deltek på foreldresamtaler, møter og samankomster
- Held deg orientert om barnehagen sine planer og aktiviteter
- Smørjer barnet ditt med solkrem før det kjem i barnehagen dei dagane det er nødvendig
- Søker informasjon hos personalet dersom noko er uklart
- Svarer på vår årlege brukarundersøking i januar

Foreldre-app: «Vigilo»

I Volda kommune bruker vi et oppvekstadministrativt system som heite Vigilo. Føresette av barn i kommunale barnehager og skule må laste ned ein app som heiter «Vigilo». Appen gir dei føresette tilgang til sitt/sine barn, og er ein sikker stad å melde fråvær og kommunisere med barnehagen med meldingar. Av omsyn til personvernet, må ein logge på appen ved hjelp av eID (MinID, bankID eller tilsvarande). Dette vil dermed erstatte til dømes e-post og sms. Begge føresette må ha appen og vil få opp det som er registrert i høve fråvær på sine barn. Informasjon om barnet og føresette er henta frå folkeregisteret. Meir informasjon finn du på Volda kommune si heimeside:

<https://www.volda.kommune.no/tenester/oppvekst-barnehage-og-skule/vigilo-for-dialog-mellom-foreldre-og-volda-kommune/>

Foreldreutval og samarbeidsutval

Det står i Lov om barnehager:

«§ 4. Foreldreråd og samarbeidsutvalg

For å sikre samarbeidet med barna sin heim, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutvalg.

Foreldrerådet består av foreldre/dei foresatte til alle barna og skal fremme deira sine fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppen skapar et godt barnehagemiljø.**Samarbeidsutvalget** skal være eit rådgivende, kontaktskapende og samordnende organ. Samarbeidsutvalget består av 2-3 foreldre/foresatte og ansatte i barnehagen. Barnehagen sin eigar kan delta etter eige ønske, men ikkje med fleire representantar enn kvar av dei andre gruppene.

Barnehageeigaren skal sørge for at saker som er viktige blir forelagt foreldrerådet og samarbeidsutvalget.»

Oppgåver som SU skal utføre er: godkjenne årsplan, vere med å planlegge dugnad, organisere bæring av 17. mai-fane og vere med å arrangere sommarfest for borna i barnehagen. Det er to faste møter i samarbeidsutvalet i året, eitt på hausten og eitt på våren og eventuelle fleire etter behov.

Samarbeidsutvalet

I Hornindal barnehage er **Rebecca Eileen Johnsen Walkoff (leiar)** og **Malin Englund foreldrerepresentantar i år**. Christine Haugen repr. pedagogane og Ingvild Sætren repr. assistentar i Hornindal. Connie Steffenakk Bakke er kommunen sin repr.

Det finst eit organ som heiter «FUB –foreldreutvalget for barnehager». Dei har ei nettside med mykje nyttig informasjon de gjerne må besøke.

Adr.: <http://www.fubhg.no>

Foreldresamtaler

Vi har to samtaler i året, og fleire om det er behov for det. I samtala vi har om hausten avtalar vi mål for ditt barn. Dette skal vere realistiske mål som er gjennomførbare for både heimen og barnehagen. Alle barnehagane i Volda kommune nyttar same skjema til samtaler og oppfølging.

Til våren evaluerer vi barnehageåret og kor vi står i forhold til måla vi sette oss.

Det er ønskeleg at begge foreldre deltek på samtالene om mogleg.

PERSONALSAMARBEID

Kva har vi?

- Over 50 % av personalet har pedagogisk høgskuleutdanning og vidareutdanningar innanfor barnehage. Vi har også assistentar med lang ansiennitet og relevant kursing
- Vi har mykje kompetanse etter mange års arbeid i barnehage
- Vi har eit personalsamarbeid som er prega av åpenheit, humor og glede i eit levande og utviklande miljø
- Vi har ei personalgruppe som lyttar til kvarandre og brukar kvarandre sine ressursar og eigenskapar
- Vi er ei personalgruppe som viser mot og omsorg for kvarandre
- Vi har eit personale som ynskjer å heve kvaliteten i barnehagen

Korleis oppnår vi dette?

- vi utarbeidar felles haldningar til korleis vi arbeidar saman
- vi har månadlege personalmøter på 2 timar på kveldstid
- vi har avdelingsmøter 2-4 t. timar i mnd.
- vi har pedagogisk leiarmøte 1,5 time annankvar veke
- vi fordeler ansvarsområder utifrå interesse og engasjement
- vi har ansvarsområder som femner heile barnehagen og gruppa spesielt
- vi har fokus på kommunikasjon som den viktigaste kvalitetsfaktoren i personalsamarbeidet
- vi har kurs i og bruker Tryggleikssirkelen og ASK
- Vi fokuserer på å ivareta kvarandre som enkeltindivid, men også som deltakarar i ei større gruppe.
- Vi sikrar stadig fagleg utvikling gjennom intern og ekstern kursing/vidareutdanningar
- Vi har fem planleggingsdagar i barnehageåret
- Vi kvalitetssikrar arbeidet vårt gjennom medarbeidersamtaler og rettleiing

-Vi har fokus på det sosiale samarbeidet gjennom ulike former for treff og tilstellingar for personalet.

-Personalet i barnehagen har teieplikt om det dei får vite gjennom sitt arbeid om privatpersonar og vedkommande sitt forhold i barnehagen. Dette gjeld også vikarar og andre som har ei tilknytning til barnehagen.

SLIK JOBBAR VI FOR AT BARN OG FORELDRE SKAL KJENNE SEG TRYGGE



Noko av det viktigaste for alle er at barna er trygge og har det bra i barnehagen.

Vi sikrar trygge barn gjennom:

- tett samarbeid med foreldre
- primærkontakt spesielt i oppstarten
- personalet har felles haldningar og regler, samt at vi meiner at eit tett og godt samarbeid mellom personalet gir trygge barn

-vi lyttar til barna og foreldre

-vi ser barn som har det utfordrande og tek det på alvor

-bruker BTI-bedre tverrfagleg innsats

- vi gir barna sjølvtilitt gjennom oppmuntring, læring og meistring
- vi snakker med barna om kva som skal skje og om saker som vedkjem dei
- førskulegruppa bruker "Det er mitt val"- eit pedagogisk opplegg for å styrke barna sitt emosjonelle liv og virke forebyggande mot mobbing
- vi kan også bruke "Grønne tanker-glade barn" eit psykologisk førstehjelpsskrin frå organisasjonen "Vaksne for barn"
- barna skal ha medverknad, vi skal sjå det enkelte barn og hjelpe det til å lære samspel slik at det kan føle meistring
- samarbeid med helsestasjonen, PPT, barnevern, Bup, skulen, Tunåsen og Austefjord barnehage, næringslivet, Frisklivssentralen, Sanitetslaget, Bygdekvinnelaget, kyrkja og frivillige organisasjoner



Attgløymde klede blir lagt fram ei periode for gjennomsyn. Dersom ingen tek dei med seg, sender vi dei vidare til gjenbruk. Hjelp oss å halde orden! Når barna og personale veit kor kleda ligg, sparer vi tid og barna blir meir sjølvstendige 😊

Husk å merke klede og andre private ting.

Dersom ditt barn blir henta etter ordinær stengetid (kl. 16.20), vert det kravd ekstra betaling etter gjeldande retningslinjer; kr. 150,- pr. påbegynte halvtime.